

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

c/o Viken Skog BA, Postboks 50 Sentrum, 3504 Hønefoss  
Tlf.32103000, Faks 32103001

**HG-NYTT**

**Nr.24 Februarr 2031**

**Red. Nils Bjørn Vistad**

**Mobil 900 33 113**

**E-post: [nbv@viken.skog.no](mailto:nbv@viken.skog.no)**

## ***Haustmøte på Skinnarbu, Tinn, 24.11.2012***

Haustmøtet samla som vanleg alle aktuelle organ på Hardangervidda, som i tillegg til den opne «fagdagen» på laurdag, heldt sine egne møter på fredag. Herunder hadde m.a. HG sitt styremøte.

Fagprogrammet var sett opp av Hardangervidda Villreinutval, og som vanleg rikholdig og interessant. Frå innholdslista nemner ein bl.a.:

Haustens jakt (fellingsresultat), v/Villreinnemnda  
Analyse av resultatet og bruk av kontrollkort, v/Villreinutvalet  
Kalveteljning og strukturtejning, v/Villreinutvalet.  
Oppsynsrapport v/SNO og Politiet  
Motorferdsel i samband med jakta, v/Tilsynsutvala  
Fly- og helikoptertilbod, v/Fonnafly og Fjellfly  
Jegerkonsentrasjonar, v/Lena Romtveit  
Ny bestandsplan, v/Villreinutvalet  
Orientering frå Norsk Villreinsenter, v/MariannneSingsaas  
Boklansering v/Johan Vaa og Kjell Bitustøyl

Stutt litt om noko av dette:

### **Fellingsresultat**

Dette vart for dårleg, kun 19 ½ %. Haustingsmålet ikkje på nær oppnådd, for andre år på rad. Då blir det vanskeleg å argumentere for større satmme!! Villreinnemnda er bekymra for om ein har kontroll med situasjonen.

Fordeling felte dyr: Kalv, 16 %, bukk 27 %, ungdyr (småbukk) 24 % og simle 33 %.

Framlegg til tiltak:

Fredning i «flaskehalssoner»  
Auka jakttrykk (fleire jegerar)  
Justering av kvotetildeling (at også ungdyrkort får kalvetillegg)  
Omlegging av veg/bebyggelse ved Stegaros

Eigne fredningssoner,- spes i Hordaland

## **Oppsynsrapport**

Det vart brukt 2044 timar på feltarbeid og 755 timar på administrasjon. Samla vart 238 jegerar kontrollert. Dette resulterte i 1 anmelding (felling av feil dyr) og 5 advarslar for papirmangel (4) og våpenbruk (1).

Oppsynet anbefaler å fjerne den nettbaserte infotjenesten om reinobservasjonar.

Vidare blir påpeka registrering av tilløp til for tidleg jaktstart.

## **Fønnafly og Fjellfly**

Kurant helikopterløyvesystem på Vestvidda, litt ugreit i Telemark og Buskerud. Oppfordring om at brukarane av desse tenestene gjorde meir sjølv for å legge til rette for lettare praksis.

Frå Fjellfly blir meldt at helikopter er kostbart, at sjøfly er vesentleg billigare og at ein difor vil prioritere dette. Problemet er landingsløyver! Rammebetingelsane for denne verksemda må bli betre!

Helikopter kan ta 4 personar + 50 kg bagasje pr. person.

## ***Styremøte i HG***

Protokoll frå styremøtet på Skinnarbu blir lagt ut på heimesida til HG, og ein viser difor til detaljer der.

Saker som vart handsama:

1. Vurdering av om Fjellstyra skulle kunne delta i styremøta til HG (sidan vi har ein aksjepost og styreplass hjå Fjellstyra): Vurdert som uaktuelt.
2. Medlemstilhøve: Gjennomgang av lokal tilslutnad. Konklusjon: Dei einskilte styremedlemene må ha større fokus på saka.
3. Gjennomgang av restanser,- d.v.s. uteståande kontingentar: Gjeld nå 5 medlemmer.
4. Samansetjing av Villreinutvalet: Det er frå enkelte reist spørsmål om samansetjinga er tilstrekkeleg rettferdig i høve storleik m.v. Styret konkluderte med at det ikkje var grunnlag for å endre dette før innmeldt areal i HG eventuelt kom over 4000 km<sup>2</sup>.
5. Ny driftsplan: Ein ser behovet for fleire dyr for å oppnå betre spreing over samla areal, men dilemmaet er at ein alt i dag ikkje evner å ta ut det dyretallet ein siktar mot. Truleg mest rett å sikre håndtering av den sida før ein legg opp til vekst (situasjonen er jo at det av denne grunn blir vekst likevel). Styret i HG ynskjer fleire dyr, og meiner beitegrunnlaget er godt nok for dette, men ein forstår behovet for å ha betre uttakskontroll fyrst!
6. Eventuelt.

Nils Bjørn Vistad, sekr.